

# Folkehelseplan Time kommune 2024-2027

Vedtatt av kommunestyret 19.03.2024



Trygg og framtidretta  
[time.kommune.no](https://time.kommune.no)



**Time kommune**

<b>Innleiing .....</b>	<b>3</b>
<b>Befolkningssamansetning.....</b>	<b>4</b>
<b>Oppvekst og levkårsforhald.....</b>	<b>6</b>
<b>Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø .....</b>	<b>8</b>
<b>Skader og ulykker .....</b>	<b>12</b>
<b>Helserelatert åtferd .....</b>	<b>13</b>
<b>Helsetilstand .....</b>	<b>15</b>
<b>Næringsliv .....</b>	<b>17</b>
<b>Velferdstenester i Time .....</b>	<b>18</b>
<b>Organisering av folkehelsearbeidet .....</b>	<b>18</b>
<b>Berekraftsmål og prioriterte område.....</b>	<b>19</b>

## Innleiing

Regjeringa har bestemt at FN sine berekraftsmål skal vere retningsgivande for kommunal planlegging i Noreg. I Time kommune er det kommuneplanens samfunnsdel som er retningsgivande for planane i kommunen. I kommuneplanens samfunnsdel er det gjort ei prioritering av kva for nokon berekraftsmål som skal legga føringa for kommunens arbeid.

Dei prioriterte berekraftsmåla for Time kommune er:



*Sikra god helse og fremja livskvalitet for alle, uansett alder.*



*Sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremja moglegheiter for livslang læring for alle.*



*Fremja varig, inkluderande og berekraftig vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle.*



*Gjera byar og samfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.*



*Handla omgåande for å motarbeida klimaendringane og konsekvensane av dei.*



*Verne, tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald.*



*Styrkje verkemidla som trengst for å gjennomføre arbeidet, og*

På bakgrunn av dei prioriterte berekraftsmåla har kommuneplanens samfunnsdel fire satsingsområde:

1. Me skal gjera det i lag
2. Gode kvardagsliv for alle
3. Bryne – byen på Jæren
4. Saman mot ei grønare samfunn

Kvart av satsingsområda inneheld aksjonspunkt som kommunen strekk seg mot å oppnå i planperioden. Alle satsingsområda har fleire aksjonspunkt som er folkehelserelatert.

Det skal vere ein tydeleg samanheng mellom kommuneplanens samfunnsdel og kommunen sin folkehelseplan, og kommunen sitt folkehelsearbeid skal vere basert på kommunens eigen oversikt over folkehelsa i kommunen. Oversikten over folkehelsa i kommunen skal vere i tråd med føringane i Forskrift om oversikt over folkehelsen. Forskrift om oversikt over folkehelsen § 3 stillar følgjande krav om kva indikatorar som må vere i oversikta:

" Oversikten skal omfatte opplysninger om og vurderinger av:


- a. Befolknings sammensetning
- b. oppvekst- og levekårsforhold
- c. fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- d. skader og ulykker
- e. helse relatert atferd og
- f. helsetilstand"

I arbeidet med oversiktsdokumentet, heretter omtalt som kunnskapsgrunnlaget, har det vorte lagt vekt på å finne statistikkar og indikatorar som vert målt årleg eller så ofte som mogleg. Dette er vorte gjort for å gjere det så enkelt som mogleg å få ein årleg oppdatert oversikt over utviklinga av folkehelsa i kommunen, og for at det skal kunne nyttast som eit relevant og oppdatert kunnskapsgrunnlag i kommunen sitt planarbeid.

Folkehelseplanen er ein strategisk plan, som betyr at den er forpliktande for alle tenesteområda i kommunen.

## Befolknings sammensetning

Time kommune opplevde i 2022 ein befolkningsvekst på 2,21%. Dette er relativt kraftig samanlikna med trendane dei seinaste åra. Folkeveksten har gradvis teke seg opp frå 2017 med 0,23 % til 2022 med ein vekst på 2,21 %. Kommunen har dei siste fire åra hatt netto innflytting. Denne er spesielt høg i 2022, og noko må tilskrivast mottak av flyktningar. Folkeveksten i landet i 2022 var på 1,2 % eller 63 714 personar.




I perioden 2019 – 2022 har folketallet i kommunen auka med 4,6 %. Time har komparativt sett ei ung befolkning. Ein ser likevel at veksten er klart størst blant dei eldste aldersgruppene. Aldersgruppa 67-79 år auka i perioden med 16,5 %, aldersgruppa 80-89 år auka med 7,9 %, medan aldersgruppa over 90 år auka med 25,7 %.

	2019	2020	2021	2022	Endring 19-22
0-2	699	679	682	706	1,0 %
3-5	787	763	766	752	-4,4 %
6-12	2 000	2 013	1 988	1 997	-0,2 %
13-15	719	761	811	870	21,0 %
<b>Sum 0-15</b>	<b>4 205</b>	<b>4 216</b>	<b>4 247</b>	<b>4 325</b>	<b>2,9 %</b>
16-19	971	960	969	977	0,6 %
20-66	11 411	11 487	11 575	11 804	3,4 %
<b>Sum 16-66</b>	<b>12 382</b>	<b>12 447</b>	<b>12 544</b>	<b>12 781</b>	<b>3,2 %</b>
67-79	1 668	1 759	1 853	1 943	16,5 %
80-89	556	576	585	600	7,9 %
90+	105	108	124	132	25,7 %
<b>Sum 67+</b>	<b>2 329</b>	<b>2 443</b>	<b>2 562</b>	<b>2 675</b>	<b>14,9 %</b>
<b>Sum</b>	<b>18916</b>	<b>19106</b>	<b>19353</b>	<b>19781</b>	<b>4,6 %</b>

Kjelde: SSB

Befolkningsframskrivingar frå kommunen sitt plan- og analysesystem syner at kommunen vil oppleve aukande etterspurnad etter helsetenester som heimesjukepleie og institusjonsplassar for pleietrengande eldre. Framskrivninga under visar ein auke i aldersgruppa 67+ mellom 2022 – 2035, medan barn i grunnskulealder og aldersgruppa 16-66 år vil ha ein nedgang. Dette betyr at delen av befolkninga som mottok kommunale tenester vil auke, medan det vert færre arbeidstakarar per tenestemottakar, og prosentvis nedgang i skatteinntekter til å betala for den auka tenesteproduksjonen.



Time har sidan Russland sin fullskala invasjon av Ukraina i likskap med andre kommunar, busett et signifikant høgare antal flyktningar enn tidlegare år. Kommunen hadde vedteke å busette 30 flyktningar i 2022, men etter fullskala invasjonen vedtok kommunen å busette 165 flyktningar. Totalt busette Time 162 flyktningar i 2022, kor majoriteten var ukrainarar. I 2023 vart det vedteke å busette 185 flyktningar. Det vart busett totalt 122 flyktningar i 2023, majoriteten av desse var frå Ukraina.

Kommunen har ved behov rigga organisasjonen for å kunne handtere denne aukinga. Busetting av ukrainarar er nå i ein fase med to hovudutfordringar:

1. Det er utfordrande å skaffe nok bustader.
2. Etter kvart som flyktningane som har kome til Noreg etter å ha vore i Ukraina lenge etter fullskala invasjonen har dei komplekse helseutfordringar i større grad enn dei som kom tidleg.

### Kva er bra i Time?

- Relativt ung befolkningssamansetning
- Positiv utvikling i folketal


### Kva utfordringar har Time?

- Størst auke i dei eldste delane av befolkninga
- Signifikant auke i antal busette flyktningar

## Oppvekst og levekårsforhald

Time kommune scorar høgare eller på gjennomsnittet på dei aller fleste tema i FHI sin oppvekstprofil. Mobbing i skulen, gjennomføring av vidaregåande opplæring og oppfylt bemanning i barnehage er område kommunen scorar godt. Tala syner at sosioøkonomiske skilnadar i Time er lågare enn i landet elles, og at ungdommen i Time er tilfredse med livet.

Tal frå elevundersøkinga synar at elevar i tiande klasse i Time trivst godt, med ein score på 4,1 av 5.




Nasjonalt har karakterane på 10.trinn auka gradvis dei siste åra. Ein av forklaringane på dette er kan vere fleire år utan gjennomføring av eksamen, som har gjort at standpunktkarakterane har vore einaste faktor i utrekning av grunnskulepoeng.

Time kommune har hatt eit stabilt snitt som ligg over karakter 4 av 6, og det ser ikkje ut til å ha blitt påverka av at det ikkje har vore gjennomført eksamen etter avslutta grunnskule. Etter at skuleåret 2022-23 er avslutta, har Time kommune igjen lagt seg på same nivå som fylket og nasjonalt. Kommunen følgjer denne indikatoren årleg på kommunalt- og skulenivå og er ein del av kunnskapsgrunnlaget som sikrar utvikling og kvalitet i grunnskulen.



## Grunnskolepoeng – 10. trinn



Time kommune (EIER) - offentlig, Fylke, Nasjonalt, Alle eierformer og offentlig , Alle kjønn

Ved analyse av bakgrunnstala knytt til grunnskulepoeng og gjennomføring i vidaregåande opplæring, kjem det fram at unge innvandrarak eller unge norskfødde med innvandrarbakgrunn scorar dårlegare enn det generelle gjennomsnittet.

Gjennomsnittleg grunnskulepoeng for desse to gruppene ligg lågare enn Rogaland og heile landet, og har over tid vore lågare enn den resten av den unge befolkninga.

## Grunnskulepoeng etter innvandringsbakgrunn – kjønn samlet, gj.snittlige grunnskulepoeng, standardisert

Endre utvalg av...

Geografi Innvandringsbakgrunn År Kjønn Måltall

År		2015-2017	2016-2018	2017-2019	2018-2020	2019-2021	2020-2022
Hale landet	total	41,1	41,5	41,8	42,3	42,8	43,3
	innvandrere	36,9	37,3	37,6	38,1	38,7	39,2
	norskfød med innvandrerforeldre	39,4	39,8	40,1	40,8	41,3	41,8
	ovrig befolkning	41,6	42,0	42,3	42,9	43,4	43,9
Rogaland	total	41,1	41,4	41,6	42,1	42,5	43,0
	innvandrere	37,1	37,6	37,7	38,3	38,8	39,6
	norskfød med innvandrerforeldre	39,2	39,5	40,1	40,7	41,0	41,7
	ovrig befolkning	41,5	41,8	42,0	42,5	43,0	43,4
Time	total	41,9	41,7	41,3	41,3	41,3	41,9
	innvandrere	37,9	37,1	36,0	36,3	36,1	38,0
	norskfød med innvandrerforeldre	39,6	40,2	39,2	39,1	37,2	37,1
	ovrig befolkning	42,3	42,1	41,8	41,7	41,8	42,3

### Tegnforklaring

- .. Manglende data
- . Lar seg ikke beregne
- : Anonymisert

Time er på nivå med eller betre enn nabokommunar og KOSTRA gruppe 7 som kommunen tilhøyrar, når det gjeld økonomisk sosialhjelp i 2022. I førre kunnskapsgrunnlag hadde Time høgare andel sosialhjelpsmottakarar enn andre kommunar. Nå er prosentandelen som mottek økonomisk sosialhjelp i Time lågare enn nabokommunane. Dette heng sannsynlegvis saman med at det er låg arbeidsledigheit.

	Time	Klepp	Hå	Sandnes	KOSTRA gruppe 7	Landet u. Oslo
Sosialhjelpsmottakarar per innbyggjarar 18-66 år	2,6	2,5	3,2	4,4	3,8	4,0
Sosialhjelpsmottakarar 18-24 år per innb. 18-24 år	2,7	3,2	3,7	4,7	4,9	4,9
% av sosialhjelpsmottakarar med stønad i 6 md. eller meir	29,5	21,8	34,1	43,3	31,4	33,9
% med sosialhjelp som hovudinntekt	11,1	11,0	9,3	13,1	14,1	13,1
% med arbeidsinntekt som hovudinntekt	50,5	45,7	37,3	32,9	34,5	36,3
% sosialhjelpsmottakarar som bur i eige bustad	4,9	3,5	4,6	7,4	8,2	7,4
Antall barn i familier som mottok sosialhjelp	212	206	205	1114	7556	58695
Gjennomsnittleg stønadstid 18-24 år	3,8	4,0	4,8	4,7	4,1	4,2
Gjennomsnittleg stønadstid 25-66 år	4,5	3,6	4,9	5,7	4,5	4,9
Gjennomsnittleg utbetaling per stønadsmånad, 1000 kr	13175	11509	9273	11883	10778	10790

### Kva er bra i Time?

- Lågare sosioøkonomiske skilnader enn resten av landet
- Høg grad av trivsel og lite mobbing i skulen
- Låg andel av befolkning som mottok økonomisk sosialhjelp

### Kva er utfordrande i Time?

- Skulefråfall blant ungdom med minoritetsbakgrunn

### Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Kommunen som planmyndigheit og vegeigar, er ein viktig tilretteleggjar for friluftsliv, rekreasjonsområde i tettstadar og tilrettelegging for syklende. Som det går fram av tabellane, så har Time dei siste åra satsa på å utvide tilrettelegging for syklende i det kommunale vegnettet og har god tilgjengelegheit av tilrettelagte turveggar, turstiar og løyper.




11816: Utvalgte nøkkeltall for samferdsel , etter region og år. Antall km tilrettelagt for syklende som er et kommunalt ansvar (km).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

12593: Tilrettelegging for friluftsliv. Ressursinnsats og tiltak, etter region og år. Samlet lengde av turveier, turstier og løyper tilrettelagt for sommerbruk (km).




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Deltaking i fritidsaktivitetar bidreg positivt til livskvalitet og fysisk og mental helse. For Time kommune er det eit mål at alle som ønskjer, skal ha moglegheit til å delta i organiserte fritidsaktivitetar uavhengig av alder, inntekt eller funksjonsgrad. For barn og unge representerer organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar viktige arenaer for samvær med andre unge og gjev andre erfaringar og læringsvilkår enn skulen og meir uformelle rammer. Tal frå Ungdata synar ein liten nedgang eldre ungdom (VGS) som deltek i organiserte fritidsaktivitetar, samanlikna med 2016 og 2019, mens det på ungdomstrinnet har vore ein liten oppgang sidan 2019.


### Tidstrend i Time kommune.

Prosentdel av elevane på vidaregåande som er med i organisasjonar, klubbar eller lag



### Tidstrend i Time kommune.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som er med i organisasjonar, klubbar eller lag



Time kommune vedtok i 2023 ein handlingsplan for aldersvennlege lokalsamfunn. Det betyr at kommunen skal ha fokus på å utvikle aldersvennlege fritidstilbod og gjere parkar/grøntområde, lokalsenter og bustadområde meir aldersvennlege gjennom tilrettelegging som for eksempel fleire benkar og offentlege toalett. Kommunen har fleire fritidstilbod som rettar seg mot eldre, både treningsgruppe i regi Frisklivssentralen og varierte tilbod i regi av Time Frivilligsentral.

Måling av besøkstal ved Time frivilligsentral starta i 2021, og det føreligg følgande tal:

2021: 4260 besøkande

2022: 7646 besøkande


2. tertial 2023: 5397 besøkande

Time kommune hadde ei valdeltaking på 80,9% i Stortingsvalet i 2021 og 67,9% i lokalvalet i 2023.

Det er ei ønska utvikling i bustadmarknaden at eldre som eig store einebustader, som kanskje ikkje er så godt egna for ein trygg alderdom, sel desse og flyttar inn universelt utforma leilegheiter. Det er stor differanse i kvadratmeterpris mellom einebustader og leilegheiter. Dette kan by på utfordringar med tanke på kor stor leilegheit det er mogleg for den enkelte husstand å kjøpe, utan å ta opp lån ved overgang frå einebustad til leilegheit.

Trangbuddheit er ein levkårsindikator som kan seie noko om dei økonomiske og materielle forutsetningane for gode levkår. Bustadstorleik kan ha mykje å seie for enkeltpersonars moglegheiter til privatliv, avslapping og barns leik, og er difor ein viktig del av bustadstandard. Utviklinga i Time synar ein nedgang i trangbuddheit mellom 2017-2022. Kommunen har eit systematisk fokus på at reguleringsplanar skal ha varierte bustadtypar, og å finne egna bustader til personar og familiar med rett til kommunal bustad.

11093: Husholdninger, etter region og år. Bor trangt, få rom og kvm, Husholdninger (prosent).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Å ha drikkevatt fri for forureining har alltid vore avgjerande for å halda innbyggjarane friske. Drikkevattnet i Time kommune vert levert av IVAR IKS. Vatnet kjem frå vassbehandlingsanlegg på Langevatn, og det vert handsama slik at drikkevattnet er trygt og sunt å drikka. Avløpsvatnet frå bustadar vert samla inn på avløpsnett og leia til reinseanlegget på Vik. I Time får om lag 98 % av husstandane vatn frå IVAR sine anlegg. Dei resterande 2 % får vatn frå private kjelder. Figuren under viser at Time har svært god drikkevassforsyning både når det gjeld hygienisk stabilitet og leveringsstabilitet.

År		2016	2017	2018	2019	2020	2021
Hele landet	hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet	91,0	90,6	90,3	88,5	90,4	90,7
	hygienisk kvalitet	95,5	95,2	93,8	94,4	96,8	98,0
	leveringsstabilitet	93,8	94,2	92,7	90,6	92,2	91,3
Rogaland	hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet	95,1	84,2	93,7	92,1	87,8	99,5
	hygienisk kvalitet	95,7	87,0	95,8	92,3	97,2	99,7
	leveringsstabilitet	96,6	94,6	95,3	97,1	88,1	99,8
Time	hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
	hygienisk kvalitet	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
	leveringsstabilitet	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0


Tabellen under syner ein nedgang i kriminalitet mellom 2017-2022. Det er likevel verdt å merke seg at Time har fleire melde lovbrøt per 1000 innbyggjarar enn Klepp og Hå og ligg nærmare Sandnes og fylket, som figuren under syner. Det er fleire moglege forklaringar på dette, men i hovudsak skyldast det sannsynlegvis at Bryne er byen på Jæren og har eit større uteliv enn nabokommunane og at Jæren politistasjon er lokalisert på Bryne og at politiet difor er meir fysisk til stades i og rundt Bryne.

#### Lovbrøt innmelde per 1 000 innbyggjarar i Time 2017-2022

	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2021-2022
Alle lovbrøtsgrupper	62,2	62,7	63,3	52,8
Eigedomstjuveri	18,5	21,1	21,7	15,9
Vald og mishandling	6,8	6,7	7,2	6,9
Rusmiddelovbrøt	9,5	8,7	7,9	5,5

Orden- og integritetskrenking	7,2	6,9	5,9	5,5
Trafikkbrot	7,4	6	6,7	8
Anna lovbrøt	12,9	13,4	14	11,1

### Lovbrøt melde per 1 000 innbyggjarar 2021-2022



### Kva er bra i Time?

- God tilrettelegging for sykkel og friluftsliv
- Unge og eldre har fritidstilbod
- God tilgang på varierte bustadtypar
- Liten grad av trangbuddheit

### Kva er utfordrande i Time?


- Høgare kriminalitet enn nabokommunane
- Nokre utrygge skuleveggar
- Eigna bustader for eldre

### Skader og ulykker

Det er få brannar i Time kommune. I perioden 2004-2022 var det ein person som omkom pga. husbrann i kommunen. Det er aldersgruppa 67+ som vil veksa mest kommunen i åra som kjem, og mange av dei bur i eigen bustad lenger enn før. Det er fokus på å utstyre eldre som er risikoutsett for brann, med hjelpemidlar som for eksempel komfyrvakt for å unngå brann.

Time kommune har vore godkjend som Trafikksikker kommune sidan 2016. Det betyr at kommunen arbeider målretta og tverrfagleg med trafikktryggleik, og arbeidar både med fysiske og haldningsskapande tiltak. Handlingsplanen for trafikktryggleik inngår i økonomiplanen. Som diagrammet under syner, så er det variasjon frå år til år i ulykker, skadde og drepte i kommunen. Time kommune jobbar systematisk med trafikktryggleikstiltak.

12044: Personer drept eller skadd i veitrafikkulykker, etter statistikkvariabel og år. Time.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

### Kva er bra i Time?

- Få dødsfall i brann og trafikkulykker

### Kva kan bli betre?

- Fleire trafiksikre skuleveggar
- Færre trafikkulykker

## Helserelatert åtferd

Folkehelseundersøkinga i Rogaland har definert fire kriterium for eit sunt kosthald. Ein av fire innbyggjarar fyller minst tre av desse kriteria. Det er store kjønns- og aldersforskjellar. Berre drygt 12 % av aldersgruppa 18-29 år oppfyller minst tre av dei fire kriteria, mot nesten 50 % i den eldste aldersgruppa. Andelen kvinner er litt over dobbelt så høg som andelen menn, noko som kan vera ei delforklaring på kjønnsforskjellane i forventa levealder.

FHI vurderer sigarettøyking som den enkeltfaktoren som bidreg mest til sjukdom og tidleg død i Noreg. Dette trass i at andelen som røyker, har sokke betydeleg dei seinare åra. Ulike røykevanar er ei av dei viktigaste årsakene til sosiale helseforskjellar i Noreg og ei viktig delforklaring på sosiale forskjellar i forventa levealder.

I Rogaland har totalt 16 % av mennene som svarte på folkehelseundersøkinga i 2020, svart at dei røyker dagleg eller av og til, mot 14 % av kvinnene. Den same undersøkinga viste store sosiale forskjellar i røykevanar. Samanlikna med dei som har lang høgare utdanning, er andelen som røyker omtrent tre gonger større blant personar grunnskuleutdanning, og omtrent dobbel så stor blant personar med utdanning frå vidaregåande skule.

I likskap med røyking er alkoholbruk ein av dei viktigaste risikofaktorane for tap av friske leveår i befolkninga. Høgt alkoholforbruk aukar risikoen for ei rekke sjukdommar og kan òg ha betydelege negative sosiale ringverknader, inkludert valdsskadar. Det er såleis eit stort folkehelseproblem.


Forsking har vist at dess høgare totalforbruket i befolkninga er, dess større del av befolkninga har eit skadeleg forbruk. Det viktigaste tiltaket kommunen har for å avgrensa alkoholforbruket er ein restriktiv politikk for sal og skjenking av alkohol.

Fordelinga av høgt alkoholforbruk i befolkninga viser tydelege kjønns- og aldersforskjellar, men mindre sosiale forskjellar enn det me har sett for røyking, kosthald og fysisk aktivitet. Det er ein betydeleg større andel menn enn kvinner som har eit høgt alkoholforbruk, og aldersgruppa 18-29 har langt høgare nivå enn dei andre aldersgruppene.

## Alkohol, har vært beruset, ungdom – andel (prosent, standardisert)


▼ Endre utvalg av...

Geografi År Måltall



Mediebruk, skjermtid og sosiale media påverkar helsa. Skjermtid kan vere ein indikasjon på stillesitting og lavt aktivitetsnivå. Skjermbruk påverkar søvnmønster og sosiale relasjonar. For barn og unge har skjermbruk stor påverknad på den kognitive utviklinga. Fleirtalet av ungdomsskoleelevane i Time brukar minst tre timar på skjerm dagleg (utanom skolen). Tidlegare undersøkingar har vist at nordmenn sjekkar telefonen kvart 6. minutt i gjennomsnitt (NHH, 2015). Det er 150 gonger dagleg.

### Prosentdel som bruker minst tre timar kvar dag framfor ein skjerm. Blant gutar og jenter på ulike klasstrinn



#### Kva er bra i Time?

- Ungdom har det godt og er tilfredse med livet

#### Kva kan bli betre i Time?

- Auke fysisk aktivitet
- Sunnare kosthald
- Mindre alkoholbruk blant unge


### Helsetilstand

Helsetilstanden i Time kommune er generelt god. Samanlikna med landsgjennomsnittet ligg me anten like bra eller betre an på dei fleste indikatorane.

Tal frå folkehelseundersøkinga i Rogaland viser at tre av ti innfrir nasjonale anbefalingar om fysisk aktivitet. Det er små kjønnsforskjellar, og med unntak av at aldersgruppa 18-29 år har ein høgare andel fysisk aktive, så er det òg ganske små aldersforskjellar. Det er tydelegare sosiale forskjellar i aktivitetsnivået, der dei med høgare utdanning og/eller god økonomi jamt over er meir fysisk aktive enn dei som har kortare utdanning og/eller meir krevjande økonomi.

Det er ei utfordring at dei sosiale helseforskjellane aukar i landet. Forskjellen i forventa levealder mellom grupper med høg og låg utdanning har auka gradvis over dei siste 20 åra (som me har statistikk over) i landet. Tala for Time er såpass småe at det er vanskeleg å konkludera sikkert, men ein må gå ut ifrå at Time er ein del av den nasjonale utfordringa.






I Ungdata-undersøkinga for 2022 er det fleire spørsmål om korleis unge på 8.-10. trinn opplev eigen psykisk helse. Tabellen visar tidstrend for Time i perioden 2011 – 2022.

Med mange psykiske plager meinast at ungdom har vore mykje plaga av fleire av disse tinga:

- har følt at alt er slit
- hatt søvnproblem
- følt seg ulykkeleg/trist/deprimert
- følt håpløyse med tanke på framtida
- følt seg stiv eller anspent
- bekymra seg for mykje om ting

Tal for Time (15%) er det same som for Rogaland fylke, og viser at talet på ungdomskoleelevar som opplev mange psykiske helseplager er stabil.

Det er viktig å presisere at Ungdata ikkje fangar opp det som ut frå kliniske kriteria reknast som depresjon eller depressive lidingar.



## Kva er bra i Time?

- Høg forventa levealder
- Mindre sosiale helseforskjellar enn landsgjennomsnittet
- Generelt god helse i befolkninga


## Kva kan bli betre i Time?

- Redusere overvekt og fedme
- Meir fysisk aktivitet
- Sette større fokus på kvinnehelse


## Næringsliv

God sysselsetting har stor påverknad på folkehelsa og er eit fortrinn kommunen bør bygge vidare på. Time kommune er ein del av dei felles arbeidsmarknadene på Jæren og Nord-Jæren.

Arbeidsledigheita er låg. Det er flest ledige innan industriarbeid, serviceyrke som butikk- og salsarbeid, reiseliv og transport. Nesten halvparten av dei ledige er langtidsledige (i Rogaland). Andel heilt ledige i Time er 1,4 % av arbeidsstyrken (desember 2023).



Mange innbyggjarar i Time pendlar ut av kommunen for å komme seg til arbeid. Lang reiseveg kan påverke livskvalitet, eller moglegheiter til å drive med aktivitet etter arbeid. Tabellane under viser kor mange som pendlar ut og inn i Time kommune.



## Velferdstenester i Time

Det er stor auke frå 2021 til 2022 i kor mange som får heimesjukepleie, eller som får oppfølging av demenskoordinator. Fleire andre helse- og velferdstenester opplever òg auka pågang. Ein så markant auke frå eitt år til eit anna kan ha tilfeldige årsaker, men det heng truleg saman med auka tal på eldre, og at fleire lever lenger med kroniske sjukdommar. Kommunen har velfungerande helse- og omsorgstenester sjølv om særleg delar av tenestene vert utfordra av stor pågang.

	2019	2020	2021	2022
<b>Helse og velferd (felles)</b>				
Demenskoordinator, brukarar	66	82	76	106

	2019	2020	2021	2022
<b>Heimeteneste</b>				
Heimesjukepleie	341	326	355	486

## Organisering av folkehelsearbeidet

Time kommune sitt operative folkehelse er todelt. Kommunen har ein eigen folkehersedel i økonomiplanen, og rapporterer på folkehelsearbeidet i årsrapporten. I tillegg er kommunen tilknytt Regionalt partnerskap folkehelse i regi av Rogaland fylkeskommune. Gjennom den regionale parterskapsordninga får kommunen tilført årlege folkehelsemidlar frå Rogaland fylkeskommune. Administrasjonen har eit tverrfagleg folkehelseforum som utarbeidar ein årleg handlingsplan for bruk av dei fylkeskommunale og kommunale folkehelsemidla.

Det tverrfaglege folkehelseforumet består av representantar frå dei forskjellige kommunalområda og deira verksemder, som har eit virke som er særleg relevant i folkehelsearbeidet. I dette forumet rapporterer medlemmene om kva dei gjer innan folkehelse, kjem med innspel til tiltak og nye prosjekter, arbeidsformer eller anna. I tillegg utarbeidar forumet ei innstilling til fordeling av

folkehelsemidla/handlingsplan til kommunedirektør og kommunalsjefane som fastsett endeleg fordeling av midla.

## Berekraftsmål og prioriterte område



















Alle berekraftsmåla som er prioritert i kommuneplanens samfunnsdel, er relevante i folkehelsearbeidet, men for å få ei tydeleg retning er det naudsynt å gjere ei avgrensing. Basert på at folkehelsearbeid først og fremst er retta inn mot utjamning og betring av sosiale og økonomiske forskjellar, er følgande berekraftsmål prioritert i folkehelsearbeidet i Time kommune:



Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar står sentralt i Time kommune sitt folkehelsearbeid, og det er ikkje mogleg å nå måla til kommunen utan dei. Samarbeid med næringslivet og andre kommunar er også viktig for at Time kommune skal lykkas med å skapa gode og levande lokalsamfunn som bidrar til meningsfylte liv for innbygarane.

Time kommune er opptatt av at folkehelsearbeidet skal være kunnskapsbasert og treffsikkert. Kommunen målar difor effekten av innsatsen i folkehelsearbeidet mellom anna gjennom å følgje utviklinga i statistikkane som er vist i dette dokumentet og løfta fram i kunnskapsgrunnlaget, som ligg som vedlegg til planen.

Folkehelseprofil Time kommune 2018-2021 hadde fem prioriterte område med konkrete utfordringar under kvart enkelt område som skulle viast særleg merksemd i planperioden. Dette kom som eit resultat av ein brei medverknadsprosess med deltaking frå politikarar og tilsette i kommunen, representantar frå frivillige lag og organisasjonar og elevråd. Denne tilnærminga har fungert godt og vil difor verte vidareført i denne planen, med nokre oppdateringar.

Prioriterte område	Utfordringar
<b>Mental helse</b>  	Vald i nære relasjonar Auke i moderate og alvorlege tilfelle av psykiske vanskar blant unge
<b>Inntektsskilnader</b>    	Aukande sosiale helseforskjellar Låg sysselsetting blant flyktningar Skulefråfall blant minoritetsspråklege
<b>Trafikktryggleik</b>    	Trafikkulykker Utrygge skulevegar
<b>Eldreressursen</b>    	Aldrane befolkning Bustader som ikkje er egna for at eldre kan bu heime
<b>Livsstil</b>    	Låg fysisk aktivitet Aukande førekomst av overvekt og fedme Sette større fokus på kvinnehelse